



Plan og byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5185 - 20/8484

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:
19.02.2020

Områderegulering for Midtmarka og Rotemyra - Offentleg ettersyn og høyring - uttale kultur

Avdeling for kulturutvikling, idrett og frivillighet har følgjande innspel til offentleg ettersyn og høyring på områderegulering for Midtmarka og Rotemyra:

- H570_2: Området omfattar, i tillegg til fleire automatisk freda kulturminne med eiga omsynssone, også ein jordkjellar som ikkje er markert på kartet eller omtala i føreseggnene. Kyststien bør ikkje leggjast slik at den råkar ved jordkjellaren. Dette bør omtalast i føreseggnene.
- H570_4: I føreseggnene står det at naustet skal takast vare på. På kartet er kyststien er teikna rett gjennom naustet. Kyststien bør leggjast bak naustet.
- #1 (mekanisk verkstad Håøy): Området må få omsynssone H570, med føresegn som sikrar at murar og faste strukturar vert tatt vare på, anten aleine eller ved å inngå i ny struktur, ved ny bruk av området. Nye bygg må utformast med omsyn til dei kulturhistoriske verdiane og strukturane.
- VFV skøytedammen: Området må få få omsynssone H570 som sikrar at den steinsette stemma i den austlege enden av vatnet vert takast vare på. Ved vedlikehald må tradisjonsmur nyttast som ytre og synleg del.
- Det er positivt at gangtilkomst til Håøyna skal sikrast gjennom heile byggje- og anleggsfasen, jf føresegna føresegna 3.2.6. Me støttar framlegget om å opparbeida ny kyststi før dagens hovudsti gjennom området eventuelt vert sperra og å sikra dette gjennm rekkefølgjeføresegner.
- Arealformål LF: er ikkje tatt med i planføresegna. Føresegna bør opna for at det er lov med tilrettelegging som kan gjera området meir attraktivt som friluftsområde som t.d. gapahuk, naturleikeplassar og tilrettelegging av stiar.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

- BIA: Planen må leggja til rette for at etablering av sjøsportsenter kan gjerast så snart som råd, i alle høve i fase 1.
- V1: Området V1 er svært lite og ligg inneklemt mellom VS1 og VS2. Me er skeptiske til om området V1 er stort nok til å ivareta den umotoriserte ferdsla inn mot sjøsportsenteret i BIA. Flatøyosen bør i hovudsak vera for umotorisert ferdsel. Me viser til at tidleg i arbeidet med reguleringsplanen var området for småbåthavner lagt til sør for BKB4
- VKL 1 – Badeområde: Området må kategoriserast med arealformål V.
- Parkeringsplassar Håøy: Det må vera eit krav frå kommunen at det vert sett av areal til parkeringsplassar i området BKB4 og dette må også gå fram av føresegne for området. At dette vert gjort har vore ein føresentnad frå kulturavdelinga i heile planarbeidet. Det har vore snakk om at folk bør parkera ved E39 og gå derfrå, men når heile området er bygd ut er desse parkeringsplassane vekke og erstatta av ulik parkering i planområdet. Det må derfor vere sett av areal til ein parkeringsplass for friluftsformål fram i tid. Me vil peika på at det ligg føre planar for Flatøy med mellom anna oppgradering av kommandantbustaden som vil kunna gjera området endå meir populært.

Med helsing

Eirik B. Utne
Kultursjef
Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar
Kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Plan og byggesak